

Årsmelding 2012 for FUG og FUB

Årsmeldinga for 2012 oppsummerer arbeidet og måloppnåinga til Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane på bakgrunn av tildelingsbrevet. Del I tek for seg Foreldreutvalet for grunnopplæringa, del II tek for seg Foreldreutvalet for barnehagane. Del III tek for seg samarbeidet mellom FUG og FUB, og om kommunikasjonsarbeidet i begge utval.

Del I

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG)

Innleiing

2012 har vore det første året for dette utvalet (2012–2015), og det har vore eit spennande år med mange oppgåver. Utvalet opplever at vi gjennom dette året har vore ei tydeleg foreldrestemme, og at vi har gjort FUG synlegare.

Den årlege foreldrekonferansen til FUG samla 100 deltakarar som fekk ny inspirasjon i arbeidet. FUG har òg delteke på møte i EPA (European Parents' Association). I det nordiske samarbeidet har det vore sterkt fokus på fråfallet i den vidaregåande opplæringa i dei nordiske landa.

Verksemda til FUG i 2012

Medlemmer i FUG i perioden 2012–2015

Christopher Beckham, leiar
Christian Hellevang, nestleiar
Ubah Abduqadir, medlem
Laila Aleksandersen Nutti, medlem
Synøve Buan, medlem
Elisabeth Strengen Gundersen, medlem
Øyvind Næss, medlem
Tom Wennemo, varamedlem
Helge Woie, varamedlem

Medlemmer i FUGs arbeidsutval i 2012

Christopher Beckham, leiar
Christian Hellevang, nestleiar

FUG- og AU-møte

I 2012 har det vore fem FUG-møte og åtte møte i arbeidsutvalet. Eitt FUG-møte har vore i Bergen, eitt i København i samband med Nordisk konferanse, og dei andre møta har vore i Oslo.

I brev om tildeling for 2012 heiter det om ansvaret og hovudoppgåvene til FUG:

FUG er et selvstendig rådgivende organ for Kunnskapsdepartementet i saker om samarbeid mellom skole og heim. FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom skole og heim, og skal ivareta foreldrenes interesser i skolesammenheng, jf. forskrift til opplæringsloven § 20-1. FUG skal vidare arbeide for å styrke foreldreengasjementet og foreldreinnflytelsen i grunnskolen og første året i vidaregående opplæring gjennom informasjon, skolering og veiledning overfor foreldre. Utvalget har et spesielt ansvar for å stimulere dialogen mellom heim og skole. Det er en viktig oppgave for utvalget å bidra til å få alle foreldre med i dette arbeidet.

Mål for 2012

Eit overordna mål for FUG er at samarbeidet mellom heim og skule skal komme alle elevar til gode, slik at dei får eit best mogleg utbytte av opplæringa. Eit godt samarbeid kan medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar og hindre fråfall.

For å nå dette målet skal FUG i 2012

- *medverke til å auke læringsutbyttet til elevane gjennom å jobbe for eit godt samarbeid mellom heim og skule*
- *medverke til å auke kompetansen i heim-skule-samarbeid for dei tilsette i skulen*
- *medverke til å auke kompetansen i heim-skule-samarbeid for foreldre og få fleire foreldre til å engasjere seg i opplæringa*

Rolla til FUG

FUG skal i samarbeidet mellom heimen og skulen på alle nivå i skulesystemet vere

kunnskapsleverandør

- initiere, samle og formidle forskning om heim-skule-samarbeid og om foreldra som ressurs i læringa til barna

brubyggjar

- skape dialog og byggje relasjonar mellom FUG, utdanningsmyndigheitene og andre sentrale aktørar
- stimulere til samarbeid både på skule- og kommunenivå

skulepolitisk aktør

- vere pådrivar for at utdanningsmyndigheitene skal vareta rettane til foreldra
- auke foreldremedverknaden i skulen

Aktiviteten til FUG i 2012 reflekterer måla som er gitt i tildelingsbrevet.

Resultatkrav for 2012

- FUG skal i rolla som rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet, medrekna Utdanningsdirektoratet, bidra aktivt med synspunkt på aktuelle saker.***

FUG bidreg på ulike måtar som rådgivar for myndigheitene. Det har vore etatsstyringsmøte og dialogmøte mellom Kunnskapsdepartementet og FUG. Her har FUG fått innsikt i saker som Kunnskapsdepartementet arbeider med, og FUG har lagt fram saker som utvalet er oppteke av. Kva saker foreldra kjem til FUG med, har òg blitt granska. Dette året har det fleire gonger blitt peikt på korleis foreldre opplever avmakt i saker som dreier seg om spesialundervisning og mobbing. Det blir avdekt manglande kompetanse hos skulemyndigheiter, og nokre foreldre har fått medhald hos Fylkesmannen utan at det har skjedd endringar på skulen. Dermed kjenner foreldra seg rettslause.

Representantar frå KD har òg hatt eit informasjonsmøte for utvalet i samanheng med det første møtet til utvalet. Det har vore to møte mellom den politiske leiinga i departementet og FUG.

FUG har ved eitt høve vore på høyring med utdanningskomiteen i Stortinget.

FUG-leiaren, nestleiaren og sekretariatsleiaren har faste møte med leiargruppa i Utdanningsdirektoratet. I tillegg har FUG-tilsette hatt møte med andre medarbeidarar i direktoratet. Utvalsmedlemmer og tilsette i sekretariatet har delteke i diverse referansegrupper i direktoratet. Leiaren for Utdanningsdirektoratet, Dag Thomas Gisholt, deltok på det siste utvalsmøtet i 2012.

FUG-leiaren og andre i utvalet og sekretariatet har fleire gonger halde innlegg og foredrag på seminar og konferansar i regi av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Det gjeld andre organisasjonar òg, slik som KS og Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmakter (KIS).

Å komme med høyringsfråsegner er ein viktig del av FUG si oppgåve som rådgivande organ for KD og Utdanningsdirektoratet. Gjennom høyringsfråsegner har FUG gjort det klart kva syn utvalet har i aktuelle saker, og hatt høve til å påverke dei endelege føresegnene i lov, forskrift og læreplan og andre viktige utdanningspolitiske styringsdokument.

Alle høyringsfråsegner frå FUG blir publiserte på www.fug.no under Om FUG – Høringar.

FUG har i 2012 uttalt seg om følgjande saker:

Høyring om rammeplan for lærarutdanningane
 Høyring på måldokumentet til Statped
 Fag- og timefordelinga for opplæring i og/eller på samisk eller finsk som andrespråk
 Endring av krav til kompetanse ved tilsetjing i undervisningsstilling
 Profesjonsetisk plattform for førskulelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule
 Ungdom, makt og medverknad
 Forskriftsendringar
 Endringar i faget kroppsøving i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa
 Innføring av valfag og forskriftsfesta tid til elevrådsrelatert arbeid

FUG deltok i 29 arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå i 2012. Fleirtalet av referansegruppene er i regi av Utdanningsdirektoratet. Det viktigaste bidraget frå FUG i desse gruppene er å representere foreldrestemma.
 Sjå vedlegg 1.

FUG-leiaren og representantar frå sekretariatet har hatt møte med Elevorganisasjonen, Utdanningsforbundet, Skuleleiarforbundet, KS, Barneombodet, NAFO og politikarar i ulike parti og diskutert skulepolitiske saker av felles interesse. Saman med NAFO har FUG og FUB skrivt ein artikkel om heim-skule-samarbeid: «Dialog heim og barnehage/skule til barnets beste». Samarbeidet er eit viktig ledd i strategien for å få sentrale aktørar til å ta ansvar for utviklinga av heim-skule-samarbeidet og auka foreldremedverknad.

2. FUG skal gjennom målretta tiltak bidra til auka kompetanse i foreldrerådets arbeidsutval (FAU) på skulane for å styrkje foreldra sin medverknad i skulen og foreldrerolla i læringa til barna.

FUG meiner at foreldra er ein viktig aktør når det gjeld arbeidet mot mobbing. Dette arbeidet har høg prioritet i FUG. Sekretariatet har i mange tilfelle gitt råd til enkeltforeldre og tillitsvalde foreldre om dette temaet. Foreldre som rollemodellar og FAU si rolle for å skape eit godt læringsmiljø er viktige stikkord i dette arbeidet. FUG er ein aktiv part i «Manifest mot mobbing» og deltok i kampanjen «Voksne skaper vennskap» mellom anna med ei aktiv heimeside, opplegg til foreldremøte og ein artikkel i artikkelsamlinga *Voksne skaper vennskap*, som blei utgitt på Kommuneforlaget.

FUG arrangerte også i 2012 ein nasjonal konferanse for 100 tillitsvalde foreldre, «Foreldretorget 2012». Konferansen fann stad på Gardermoen 13.–14. oktober. Temaet var «Ein god skule for alle». FUG la ut informasjon om konferansen på heimesida si og sende brev til den skulefagleg ansvarlege i

kommunane. I tillegg sende vi e-post til dei kommunane som har kommunale foreldreutval (KFU). Vi informerte òg om konferansen på Facebook-sida vår. Det var stor interesse for konferansen. Blant foredragshaldarane var representantar frå Utdanningsdirektoratet, Barneombodet, skulehelsetenesta, skuleeigarane og skuleleiinga.

Den årlege FUG-konferansen medverkar i stor grad til å auke kompetansen i heim-skule-samarbeid for foreldre og til å få fleire foreldre til å engasjere seg i opplæringa. FUG skal òg medverke til utjamning av sosiale forskjellar mellom elevar ved å halde fram å arbeide for at alle foreldre engasjerer seg i opplæringa, uavhengig av sosial bakgrunn. Det kan gjerast mellom anna ved å spreie kunnskap om samanhengen mellom foreldrestøtte og elevmotivasjon. I år hadde konferansen fokus på den inkluderande skulen, og det blei lagt vekt på å nå ut til alle. Deltakarane melde tilbake gjennom evalueringa at konferansen bidreg til inspirasjon, auka engasjement og vidareformidling av kunnskap lokalt.

3. FUG skal halde fram med å informere skuleverket og lærarutdanningane om kor viktige foreldra er for opplæringa til elevane, og slik auke kompetansen i heim-skule-samarbeid blant dei som jobbar i skulen.

FUG var i 2012 representert både på Østlandsk lærerstevne (med kurs og stand) og på Sørlandsk lærerstevne (med stand). I tillegg hadde FUG innlegg på Nasjonal Lektorkonferanse og deltok i ein paneldebatt der. FUG var òg representert med stand på Nasjonal konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring (NKUL) i Trondheim.

Det er avgjerande at lærarstudentane får kompetanse i kommunikasjon med foreldre og lærer å sjå på foreldra som ein ressurs. FUG har hatt tre foredrag på lærarutdanningsinstitusjonar. I tillegg har FUG-leiaren halde foredrag på rektorutdanninga i Oslo og Akershus.

FUG har sidan 2009 delteke i eit nordisk prosjekt om lærarutdanning som blei avslutta hausten 2011. Det ligg ein ressursbank på heimesida til FUG som inneheld PowerPoint-presentasjonar, artiklar, lovverk, gode døme, filmar og forskning.

FUG har halde seg oppdatert på forskning om samarbeid mellom heim og skule. I møtet med lærarutdanninga og skuleverket er det viktig å kunne dokumentere kva foreldra har å seie for læringa til barna. I ressurspakken for lærarutdanning er det ein oppdatert omtale av forskning på heim-skule-samarbeid.

4. FUG skal medverke til å jamne ut sosiale forskjellar mellom elevar ved å halde fram å arbeide for at alle foreldre skal engasjere seg i opplæringa, uavhengig av sosial bakgrunn. Det kan mellom anna gjerast ved å spreie kunnskap om samanhengen mellom foreldrestøtte og elevmotivasjon.

FUG har halde rundt 40 foredrag dette året. På dei aller fleste har det vore lærarar og skuleleiarar til stades. FUG ser verdien i at alle partar i skulen får den same informasjonen når vi held foredrag om heim-skule-samarbeid, og vi ser kva foreldra har å seie for læringa til elevane.

FUG sende også i 2012 ut materiell i prosjektet «SKAP dialog». Formålet med kampanjen er å gjere alle foreldre i 1. og 8. klasse bevisste på kor viktige dei er for læringa til barna. Prosjektet er utvikla i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, Utdanningsforbundet, KS, Skolenes landsforbund og Skolelederforbundet.

Meldingar til FUG tyder på at det framleis er mykje einvegskommunikasjon frå skulen til foreldra. Eitt av måla med kampanjen har derfor vore å bidra til meir tovegskommunikasjon og reell dialog og medverknad. Det har òg vore eit mål å få foreldra til å danne foreldrenettverk. Forsking viser at det er viktig for læringsmiljøet til barna at foreldra kjenner kvarandre.

Materiellet til foreldra på 8. trinn er trykt i eit mindre opplag, og ein kan få det tilsendt ved å kontakte SubjectAid. Her kan kontaktlærarane òg få ei lærarhandbok med tips om korleis dei kan leggje opp foreldremøta. SubjectAid sender jamleg ut katalogar og nyheitsbrev som promoterer materiellet vårt, og det har vore stor interesse for materiellet etter at vi begynte å sende det ut gjennom SubjectAid. Materiell til foreldra på 1. trinn er sendt ut som før til skulane. Kontaktbok mellom heim og skule og informasjonsark er sende til foreldra saman med brosjyren om skulemiljøet til elevane, som Utdanningsdirektoratet la ved.

Vi sende brev til alle fylkeskommunane i 2011 med førespurnad om eit møte med skuleadministrasjonen i fylkeskommunen og rektorane ved dei vidaregåande skulane for å utveksle informasjon og erfaringar med foreldrestøtte i den vidaregåande opplæringa. Utvalsmedlemmene har gjennomført fem møte med fylkeskommunane om heim-skule-samarbeid i den vidaregåande skulen i 2012. Det er fire fylke som står igjen.

Utvalsleiaren har sete i den nasjonale referansegruppa for NY GIV, som er ei satsing for å motverke fråfall i den vidaregåande opplæringa.

5. FUG skal halde fram med å gi informasjon og rettleiing til foreldra, særleg dei tillitsvalde foreldra, inkludert dei kommunale foreldreutvala (KFU).

FUG har i 2012 blitt kontakta 378 gonger på telefon og e-post frå enkeltforeldre og tillitsvalde foreldre. Kontakten med foreldra er ei viktig oppgåve for FUG, og foreldra gir uttrykk for at dei set pris på å ha nokon å snakke med og få råd og rettleiing frå.

Spørsmål om FAU og dei andre rådsorgana til skulen toppa tabellen i 2012 med 77 meldingar. Foreldra har spurt om organisering, mandat, rektor si rolle og kva saker som kan takast opp i ulike rådsorgan.

På andreplass kom spørsmål om organisering, der 70 har spurt om mellom anna klassesamansetjingar, leksehjelp, klassestørleik, lærartettleik, skuleskyss, skuleveg, leirskule, bruk av ufaglærte og skulesamanslåing eller skulenedlegging.

På tredjeplass med 50 saker kom kategorien med frustrasjonen over dårleg kommunikasjon med rektor i ulike saker. Av totalt 373 meldingar frå foreldre i 2012 er det 50 som har oppgitt det som hovudfrustrasjon. Dei beskriv problem med å kommunisere med rektor og få forståing for og respons på sakene sine – uavhengig av om det gjeld mobbing, spesialundervisning eller læringsmiljø.

I 2012 har FUG hatt fleire vanskelege saker som vi har følgt over tid.

Talet på meldingar om mobbing har gått ned frå 64 saker i 2011 til 41 i 2012. Det er gledeleg at det er færre slike meldingar til FUG. Samtidig trur vi ikkje at desse tala seier heile sanninga. Vi veit at mobbinga dessverre har halde seg stabil dei siste ni åra.

FUG er samtidig glad for fleire tiltak som dreier seg om kampen mot mobbing på skulen. Det eine er forslaget om å innføre sanksjonar mot dei skulane som ikkje tek mobbing på alvor. I tillegg har FUG i fleire år teke til orde for å få oppretta kommunale team som kan koplast inn i vanskelege mobbesaker lokalt. Eit pilotprosjekt blei sett i gang i fire kommunar.

Rådgivingssakene gir FUG oversikt over kva spørsmål foreldra er opptekne av. FUG tek meldingane og problema vidare til utdanningsmyndigheitene og viser til kvar i utdanningssystemet det er vanskeleg å finne løysingar.

FUG har vidareutvikla sida Ofte stilte spørsmål (OSS) for at foreldra raskt og lett kan finne svar på det dei lurar på.

Utvalsmedlemmer og sekretariatsmedlemmer har i 2012 hatt mange foredrag for foreldre, lærarar og skuleleiarar. I dei fleste tilfella har skular i

kommunane slått seg saman og arrangert eit stormøte, nokre få gonger har det vore enkeltskular. Vi har òg halde innlegg på ulike konferansar for fagfolk med spesifikke tema.

FUG har materiell til nedlasting på heimesidene sine. Det er skoleringsmateriell for tillitsvalde foreldre, filmar om heim-skule-samarbeid og materiell om korleis foreldre kan hjelpe barna sine. Også i 2012 er materialet blitt løfta fram og synleggjort for foreldra og skulen til bruk i samarbeidet.

6. FUG skal bidra med informasjon og rettleiing til foreldre om Kunnskapsløftet, relevante stortingsmeldingar, strategiar o.a.

Mykje av informasjonen og rettleiinga til foreldra skjer via nettet. Vi har lagt ut nyheitssaker, og vi informerer om endringar.

FUG har informert om mobbemanifestet som blei signert i 2011, og har bidrege med informasjon om den årlege kampanjen i 2012.

7. I samarbeid med KS skal FUG starte eit utviklingsprosjekt knytt til beredskapsteam som kan hjelpe i alvorlege mobbesaker.

Fire kommunar deltek i eit pilotprosjekt for å gjere seg erfaringar med beredskapsteam mot mobbing: Eigersund, Kristiansand, Råde og Sarpsborg. Kommunane har hatt to samlingar. Temaet på den første samlinga var lovverk i tverretatleg samarbeid, og den andre samlinga tok for seg handtering av tunge mobbesaker. Begge samlingane hadde sett av tid til erfaringsdeling.

Internasjonalt samarbeid

Samarbeid i Nordisk Komité (NOKO)

Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske foreldreorganisasjonane gjennom Nordisk Komité. Komiteen består av leiarane for foreldreorganisasjonane i dei nordiske landa. Sekretariatsleiarane er vanlegvis med på annakvart møte i NOKO, men i 2012 har dei vore med på begge møta. Møta og formannsvervet går på omgang. I 2012 hadde Danmark formannsvervet, og det er den danske foreldreorganisasjonen Skole og Forældre som varetek sekretariatsoppgåvene. Det blir halde ein foreldrekonferanse i regi av NOKO annakvart år. Det var konferanse i Danmark i 2012.

Mange saker er av felles interesse for dei nordiske landa, til dømes forskning om heim-skule-samarbeid, kompetanse om heim-skule-samarbeid i lærarutdanninga, foreldra si rolle i kvalitetsutvikling og skulevurdering, mobbing (ansvaret til skulen og rolla til foreldra) og fråfallsproblematikken. Møta er blitt brukte til å utveksle erfaringar, gi innspel og foreslå tiltak.

Det har vore halde to møte i Nordisk Komité i 2012. Det første møtet var i Sverige og det andre i Finland. Det blei òg halde eit ekstraordinært møte i samband med konferansen i Danmark.

Utvalet gjennomførte ein studietur til Brussel. Der fekk vi informasjon om EU-institusjonane, EU og utdanning, barne- og ungdomspolitikk og skuleprogram, og vi fekk ei innføring i kva EU og EØS har å seie for kommunesektoren.

European Parents' Association (EPA)

FUG er medlem i den europeiske foreldreorganisasjonen EPA. FUG har delteke på to generalforsamlingar, den første i Liechtenstein og den andre i Frankrike.



Del II

Årsmelding FUB 2012

Innleiing

Forord

Foreldreutvalet for barnehagar har no lagt bak seg det andre heile arbeidsåret.

Utvalet består av følgjande personar:

Lena Jensen, leiar
Egil Dahl, nestleiar
Hege Oftedal
Dagfinn Bell
Honoratte Muhanzi Kashale
Roger Skarvik
Jimmy Høiberget, varamedlem

Utvalet har hatt eit aktivt år med høg aktivitet på mange frontar. Etter å ha besøkt fylka og dei mest aktuelle samarbeidspartnarane det første halvtanna året har FUB i 2012 spesielt prioritert høgskulane og større konferansar. Dette året har vi merka ei endring frå at vi sjølve inviterer oss ut, til at vi i aukande grad blir bedde om å halde foredrag, særleg i kommunar og i samband med konferansar og kurs. I år har vi fått omsett brosjyrene og hefta våre til fleire språk. Vi har òg utarbeidd eit nytt hefte om mobbing i barnehagen, og i samband med dette arbeidet sende vi ei e-postmelding til alle barnehagane i landet med ei nettutgåve av brosjyren. Det er halde fem utvalsmøte – eitt av dei i Stavanger med studiebesøk i Hertervigtnet barnehage, som er lagd til rette for barn med spesialpedagogiske behov, og på Universitetet i Stavanger. FUB har frå hausten 2012 samarbeidd med Trygg Trafikk om nyheitsbrev, og i samband med det utførte vi ei spørjeundersøking i alle norske barnehagar om trafikktryggleik i barnehagen. I november arrangerte FUB konferansen «Foreldrenes medvirkning» på Gardermoen for 24 inviterte kommunar med representantar frå foreldre, kommuneleiing og politikarar. Konferansen fokuserte spesielt på å auke aktiviteten med lokale foreldreutval. I den samanheng utarbeidde vi eit rettleiingshefte om det å danne og drifte lokale foreldreutval i kommunane.

Det har òg vore eit år med mange medieutspel, mykje reiseverksemd og stor auke i talet på meldingar og spørsmål frå foreldre og andre. Frå å ha fått 127 meldingar i 2011 auka talet til 267 i år.

Verksemda til FUB i 2012

Rolle og ansvar

FUB er eit sjølvstendig rådgivande organ for departementet i saker om samarbeid mellom heim og barnehage. FUB skal arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage og skal vareta interessene til foreldra i barnehagesamanheng. FUB skal vidare, gjennom informasjon og rettleiing overfor foreldra, styrkje foreldreengasjementet og foreldrepåverknaden i barnehagen.

Hovudmålet for FUB er at samarbeidet mellom barnehagen og heimen skal bidra til at alle barn i barnehage får eit best mogleg tilbod. Eit tilbod som varetek barna sine behov for omsorg og lek, og som fremjar læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Eit godt samarbeid kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar og skape ein god overgang frå barnehage til skule.

I samsvar med tildelingsbrevet frå departementet har FUB fem resultatmål for 2012:

1. I rolla som rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet skal FUB bidra aktivt med synspunkt på aktuelle saker.

FUB har ved fleire høve bidrege med synspunkt i aktuelle saker til departementet og andre:

- Forskrift om rammeplan for barnehagelærarutdanning
- Ekspertutvalet for vurdering av språkkartleggingsverktøy
- NOU 2012:1 Til barnas beste
- Forslag til lovendring om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar
- Arbeidarpartiet si arbeidsgruppe for kunnskapssamfunnet
- Sametingsrådets utgreiing om barnehagar
- Statped's utkast til målbilete 2012–2016
- Høyringar på Prop 1 S (Statsbudsjettet) for 2013

FUB har hatt fleire møte med Utdanningsdirektoratet og deltok på Nasjonalt barnehageforum (NABAFO) 5. september og 20. desember 2012. FUB har hatt to dialogmøte med den politiske leiinga i Kunnskapsdepartementet: 8. mai med kunnskapsminister Kristin Halvorsen og 7. desember med statssekretær Elisabeth Dahle.

2. Gjennom informasjon og rettleiing skal FUB bidra til å styrkje kompetansen til dei tilsette i barnehagar, foreldra (og særleg

foreldretilitsvalde) og kommunar om samarbeidet mellom barnehagen og heimen.

- FUB har i 2012 fått 267 meldingar: 135 på telefon og 132 på e-post. Det er meir enn dobbelt så mange som året før. Dei temaa dei fleste tek opp, er desse:
 - o Foreldre som er urolege for bemanninga i barnehagane
 - o Spørsmål om korleis foreldre i barnehagen kan påverke barnehagen gjennom foreldrerråd og samarbeidsutval
 - o Spørsmål om samarbeidet mellom heimen og barnehagen
 - o Behov for informasjon om å starte lokale foreldretutval
- FUB sende ut det første nyheitsbrevet i mars 2012 og har sidan sendt ut nyheitsbrev annankvar månad.
- FUB har halde til saman 43 foredrag på konferansar og kurs, i kommunar og i nokre enkeltbarnehagar. Blant desse er dei fleste i kommunar og store barnehagekonferansar i Oslo, Trondheim og Loen. Temaa har vore samarbeidet heim-barnehage, mobbing i barnehagen og lokale foreldretutval. Både utvalsmedlemmene og sekretariatet har halde foredrag.
- Nettsida til FUB blir stadig oppdatert, og her legg vi ut relevant informasjon om barnehage.

3. FUB skal medverke til at foreldre, uavhengig av bakgrunn, engasjerer seg i samarbeidet mellom barnehagen og heimen.

- På etterspurnad frå NAFO har vi saman med FUG skrive ein artikkel om foreldresamarbeid til jubileumsskriftet deira.
- I november arrangerte FUB sin andre konferanse, «Foreldrenes medvirkning», og vi hadde invitert 24 kommunar med representantar frå foreldre, kommuneadministrasjon og politikarar, til saman om lag 80 deltakarar. Hovudmålet med konferansen var å auke foreldreaktiviteten lokalt ved å danne lokale foreldretutval i kommunane. Innhaldet var foredrag om det å danne lokale utval og gruppearbeid. Hovudforedragshaldar var Thomas Nordahl. Unge utøvarar innanfor dans, song og musikk stod for kulturinnslaga.
- Det har vore stor etterspurnad frå barnehagar og kommunar om å få FUB sitt ressurshefte om samarbeidet mellom heim og barnehage. Det er avklart med departementet at det er FUB som har ansvaret for innhaldet og distribusjonen. Heftet er til no trykt opp i 4000 eksemplar.
- Alle brosjyrar og hefte er tilgjengelege på nettet.
- Dette året har vi fått omsett brosjyrar og hefte til fleire språk – engelsk, urdu, arabisk, polsk og somali – i tillegg til samisk og nynorsk.

4. FUB skal sørge for å bli kjent hos relevante aktørar.

FUB har i året som er gått, utvida samarbeidet med relevante aktørar. Vi har hatt faste møte med NAFO, Utdanningsforbundet og Barneombodet. I tillegg har vi hatt regelmessig kontakt med Buf-dir, Fagforbundet, PBL, KS, Voksne for barn

og Unicef. Dette året starta vi eit prosjekt om vaksne som rollemodellar saman med Trygg Trafikk. Vi har òg hatt kontakt med dei største barnehageeigarane og andre organisasjonar. Dessutan tek vi jamleg kontakt med fylkesmennene og høgskular/universitet.

5. FUB skal ta initiativ til å delta i relevante arbeids- og referansegrupper og, ved behov, ta initiativ til å opprette nye grupper.

I 2012 deltok FUB i fleire arbeids- og referansegrupper:

- Arbeidsgruppe for manifest mot mobbing: Hege Oftedal. Varakvinne er rådgivar Lou Cathrin Norreen.
- Gruppe for evaluering av gratis barnehagetilbod til femåringer: Hege Oftedal. Varakvinne er rådgivar Åse-Berit Hoffart.
- Referansegruppa GLØD (Kompetanse 2020): Dagfinn Bell. Varakvinne er rådgivar Åse-Berit Hoffart.
- Programplanutvalet for ny barnehagelærerutdanning ved Høgskolen i Oslo og Akershus: rådgivar Åse-Berit Hoffart
- Referansegruppe for GLØD i Sør-Trøndelag: Dagfinn Bell
- Referansegruppe for GLØD i Rogaland: Hege Oftedal
- Rådet URLU (Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning): Dagfinn Bell er medlem, og Hege Oftedal er varamedlem.
- Referansegruppe for fagskuleutdanning: rådgivar Lou Cathrin Norreen
- Samarbeid med Rådet for IKT i utdanning: rådgivar Lou Cathrin Norreen
- Referansegruppe for forskingsprosjekta
 - o 1) *Better provision for Norway's children in ECEC* og
 - o 2) *Searching for qualities*
 i regi av Høgskulen i Oslo og Akershus (frå 2013): Lena Jensen

Dette året starta vi eit prosjekt om vaksne som rollemodellar saman med Trygg Trafikk. Prosjektet varer ut barnehageåret 2012/13 og inneber mellom anna at vi sender ut felles nyheitsbrev med ulike tema.

FUB sit òg i ei arbeidsgruppe om barnehagedagen 2013 saman med Utdanningsforbundet og Fagforbundet.

Avslutning

Oppsummering

FUB har no vore i funksjon i meir enn to år, og utvalsmedlemmene er over halvvegs i perioden. Meldingar, spørsmål og aktivitet elles viser eit sterkt engasjement hos foreldra. Spesielt har vi merka at bemanning i barnehagen engasjerer foreldra, og mange – særleg i Oslo – har danna lokale foreldretutval, som er viktige pådrivarar i barnehagesaker. Utvalet har også dette året hatt høg aktivitet, og dei sakene FUB har markert seg mest med, har vore mobbing i barnehagen, bemanning, samiske barn, barnehagelærerutdanning og tryggleik i barnehagen.

Utvaksmedlemmene har vore aktive og markert seg godt med arbeidet sitt. Vi arbeider breitt for å nå ut til målgruppene som er nemnde i tildelingsbrevet. Den breie aktiviteten har ført til dobbelt så mange meldingar og spørsmål som i fjor. FUB ønskjer at eit hovudarbeidsområde framover framleis skal vere å hjelpe barnehagane og kommunane med å etablere lokale foreldreutval. Aktiviteten i utvalet samsvarer godt med resultatmåla for 2012.

Del III

Samarbeid mellom FUB og FUG

Heile barnet heile løpet

FUB og FUG har i fellesskap planlagt eit prosjekt som løfter foreldreperspektivet i barnehagen og skulen. I prosjektperioden over tre år ønskjer vi å sjå nærmare på læringsmiljøet, og vi følgjer barn og foreldre frå det siste året i barnehagen inn i det første året på skulen. Prosjektet vil involvere barn, foreldre og tilsette både i barnehage og skule og vil gi oss informasjon og kunnskap frå begge miljøa. I prosjektperioden ønskjer vi å sjå nærmare på kva læringsmiljøet til barna har å seie. Universitetet i Agder vil bidra med følgjeforskning.

Med bakgrunn i departementets strategi «Fange opp – følgje opp» og «Tidleg innsats» meiner FUB/FUG at det er viktig å sjå nærmare på heile miljøet rundt barnet og få vite kva tiltak ein skal leggje vekt på. Formell og kvantifiserbar måloppnåing for barn blir i stadig større grad lagd vekt på i plandokument knytte til barnehage og skule, mens dei grunnleggjande føresetnadene og rammene rundt barnet ikkje blir tilsvarande tilgodesett. FUB og FUG ønskjer å styrkje balansen i dette biletet. I denne omgangen er prosjektet avgrensa til overgangen frå barnehage til skule.

Opplæring handlar ikkje berre om deltaking i yrkeslivet, men famnar mykje vidare i form av opplæring i demokratiske prosessar, respekt for menneskerettane og bevaring av miljøet. I prosjektet ønskjer FUB og FUG saman med barnehage og skule å setje fokus på systemisk arbeid framfor individretta tiltak i læringsmiljøet til barna. Både barnehagelova og opplæringslova slår fast at miljøet til barna skal motarbeide alle former for diskriminering, til dømes mobbing. Å bli møtt med respekt og likeverd legg eit avgjerande grunnlag for utvikling og læring hos barn.

Proessen skal innebere rom for refleksjon i alle ledd, slik at utviklinga av ny kompetanse og nye ferdigheiter skjer innanfrå.

Hausten 2012 har vi knytt kontaktar til ulike fagmiljø som kan vere interessante i denne samanhengen, og det er utvikla ein prosjektplan: «Heile barnet – heile løpet». Eit arbeid med ei handbok for arbeidet med motivasjon og merksemdsgrad som er tenkt både for tilsette i barnehagen og skulen og for foreldre, er sett i gang. Det har og vore gjennomført ein felles kompetansedag for sekretariatet og dei to utvala i januar 2013.

Sjå vedlegg 2, prosjektplan for «Hele barnet – hele løpet».

Resultatmål for sekretariatet for FUB og FUG

Del III tek for seg ulike område for sekretariatet. I det følgjande ser vi på punkt 1.3 i tildelingsbrevet for 2012.

Sekretariatet skal i samråd med utvalsleiarane vidareutvikle ei felles forståing for rollene til sekretariatet og utvala.

I utvalsmøta har FUB regelmessig teke opp om det er samsvar mellom forventingane og kva partane faktisk bidreg med. Det har vore gode og konstruktive diskusjonar.

FUG har utvikla eit dokument om samarbeidet i utvalet og mellom utvalet og sekretariatet. Det blei gjennomført ei vurdering av arbeidet på eit utvalsmøte, og tilbakemeldingane var gode.

Sekretariatet skal sørge for at møta i utvala og anna arbeid i regi av utvala er godt førebudd, mellom anna skal saksdokumenta liggje føre i rett tid og vere av høg kvalitet.

Alle saksdokument er blitt lagde ut ei veke før møta blir haldne. Det har ikkje vore teke opp manglar ved dokumenta eller rutinane i nokon av utvala.

Dei tilsette har delteke på relevant kompetanseheving, slik at sekretariatet er oppdatert på ulike felt innanfor utdanningssektoren.

Sekretariatet skal i samråd med utvala velje ut sentralt informasjonsmateriale som skal omsetjast til samisk og dei største minoritetsspråka etter ei vurdering av tilgangen på slikt materiale frå andre ressursar.

FUB og FUG har til saman omsett sju dokument. Alle dei sju dokumenta er omsette til samisk, to også til engelsk, polsk, urdu, somali og arabisk. Fire er omsette til russisk, fransk og litauisk, og det siste er omsett til albansk, arabisk, farsi, fransk, litauisk, polsk, russisk, serbokroatisk, somali, sorani, spansk, tamil, tyrkisk, tysk, urdu og vietnamesisk.

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG (2012)

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG har skjedd i tråd med dei vedtekne årsstrategiane for media, nett og sosiale medium og med proaktive medieplanar for 2012.

Mediearbeidet i FUG

Oppnemninga av nytt utval og ny FUG-leiar har prega den første delen av året. Den nye FUG-leiaren har blitt profilert i ei rekkje rikskanalar gjennom 2012 og er

no godt etablert i medvitet til redaksjonane.


I alt har media kontakta FUG 88 gonger i 2012 – som regel om lekser, inneklima, mobbing, skuleferie og oppstart, foreldreengasjement og den nye utvalsleiaren. 15 av meldingane frå media har FUG sjølv initiert.

Den største eigeninitierte saka blei presentert i Aftenposten i mai, og der fekk lekseundersøkinga til FUG brei omtale. Ei rekkje andre medium følgde opp saka.

Nettsidene til FUG

Også i 2012 har nettsida til FUG hatt ein jamn auke av besøkjande samanlikna med året før. Trafikken er størst i september og oktober, akkurat som tidlegare år. Men også i januar 2012 var det ein merkbar auke samanlikna med dei to førre åra. Det trur vi har ein samanheng med det nyoppnemnde utvalet og den nye leiaren.

Den største trafikken var i september, med 11 527 unike brukarar. Snittet for heile året er 7142 unike brukarar per måned, mot 6055 unike brukarar totalt i 2011. Årets snitt har ikkje med mai og juni, for måleverktøyet fungerte ikkje i denne perioden.



Sjølvs om målalet på 8000 unike brukarar per månad ikkje heilt er blitt oppfylt, aukar vi likevel målet til 9000 unike brukarar i 2013.

Den nye designen av nettsida som FUG vedtok hausten 2011, blei endeleg implementert i mai. Det er særleg tre ting som er blitt forbetra etter evalueringa og brukartesten: Framsida er gjord meir «framsideaktig», språket er forenkla, og søkjefunksjonaliteten er forbetra.

Dei åtte filmene til FUG som blei laga i samarbeid med Snøballfilm i 2010, er òg løfta fram på den nye sida. Sjå oversikt over nedlastingar og tema nedanfor:

Nedlastingar frå www.skoleipraksis.no/hjem-skole (via fug.no) frå oktober 2010 til august 2012

Nedlastingar frå FUGs YouTube-kanal frå april 2011 til september 2012

Film	Nedlastingar	YouTube
Foreldrestøtten i hjemmet	3 943	281
Tillitsvalgte foreldre	2 652	224
Foreldreskole	2 346	85
Foreldremøte	2 254	261
Utviklingssamtalen	2 149	373
Hva kan skolen forvente av foreldrene?	2 120	109
Hvordan få til et bedre samarbeid mellom hjem og skole?	1 502	115
Hvilke forventninger har foreldrene til skolen?	1 242	184
Hvorfor er det viktig med et godt samarbeid mellom hjem og skole?	982	183
Den utfordrende samtalen	954	141
Når tilliten blir borte	834	100
Hjem-skole-samarbeid på videregående	390	86
Totale nedlastingar	21 368	2 142

Det er sendt ut seks nyheitsbrev på e-post frå FUG i 2012 med lenkje til saker frå nettsida. Lesaren blir abonnent via fug.no og blir ruta direkte tilbake til sida.

Vi kan sjå av Facebook-statistikken at trafikken frå Facebook inn til nettsida blei dobla i august og femdobla i september samanlikna med same tid i fjor.

Nettsidene er òg blitt marknadsførte gjennom foredrag, utsendingar og på Foreldretinget.

I 2012 har vi fått omsett ei rekkje av dei lengre faste tekstane på fug.no til nynorsk.

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA

Postboks 9360 Grønland, 0135 Oslo | Besøksadresse Schweigaards gate 15 B, 0191 Oslo
Telefon: 22 05 90 70 | Faks: 22 05 90 71 | Org.nr.: 989 628 011 | post@fug.no | www.fug.no

Universell utforming

FUG har vareteke prinsippet om universell utforming på fug.no med mellom anna verktøy for tekstopplesing og høve til å velje auka skriftstorleik. Alle malar for nettstaden er validerte i samsvar med tilrådd W3C-standard og er dermed lagde til rette for skjermleseutstyr og anna spesialtilpassing for alle brukarar. Nettstaden scora i 2011 bra på alle tilrådde standardar.

FUG på Facebook

Sidan FUG etablerte profilen i april 2011, har trafikken meir enn dobla seg. Ved årsskiftet 2012/13 hadde vi tett oppunder 1000 «likarar». I periodar i haust var så mykje som 16 prosent av nettrafikken generert av Facebook-aktiviteten vår.

Det er eit mål at Facebook-sida skal bidra til openheit og til dialog og debatt med foreldre til skulebarn.

Mediearbeid for FUB

I 2012 har FUB handtert i alt 54 mediasaker. 15 av dei har vore eigeninitierte. Dei fleste sakene har handla om bemanning, vikarbruk, kutt i barnehagebudsjetta i kommune, mobbing og tryggleik.

Blant dei sakene som fekk mest mediemerksemd i 2012, var FUBs eigen brosjyre om mobbing i barnehagen. Dette førte til debatt med enkelte fagmiljø som var ueinige med ordvalet til FUB. Ei rekkje debattar i radio og media elles følgde i mai.

Det har òg vore mykje mediefokus på barnehagekutta i Oslo og elles i landet, bemanningsnorm og vikarbruk ved sjukdom. FUB-leiaren har halde fast på høyringssvaret som blei gitt til rapporten til Øie-utvalet tidlegare i 2012.


Nettsida til FUB

2012 har vore det første heile driftsåret for www.fubhg.no. Nettsida har gradvis blitt bygd ut med nytt fagstoff, publikasjonar og nyheiter. Det har blitt oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med ytterlegare forbetringar. Ein del endringar og justeringar er blitt gjorde som eit resultat av arbeidet her – mellom anna er menyane blitt tydelegare og strukturen strammare. Ein del nytt stoff er òg blitt lagt ut.

I snitt har vi i 2012 hatt 2031 unike brukarar. Det er 300 færre enn snittet for i fjor, som ikkje var eit heilt driftsår. Toppmånadene har vore august, september og november. Trafikken varierer, men har vore meir stabil enn i fjor, då vi fekk unaturleg høge trafikktalet i samband med at vi hadde surveyar eller påmelding til konferansen via nettsida.

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA

Postboks 9360 Grønland, 0135 Oslo | Besøksadresse Schweigaards gate 15 B, 0191 Oslo
Telefon: 22 05 90 70 | Faks: 22 05 90 71 | Org.nr.: 989 628 011 | post@fug.no | www.fug.no



Vi har dessverre ikkje lykkast med å nå målet om 4000 unike brukarar i snitt, men vi satsar på å klare det i 2013.

Nettstaden er i 2012 blitt marknadsført gjennom nyheitsbrev, i foredrag, på stands, ved produkt, i media, på Facebook og i anna materiell.

FUB har sendt ut seks nyheitsbrev på e-post i 2012 med lenkjer til dei siste nettsakene. Kvart nyheitsbrev har i 2012 innehalde ei trafikk sak som FUB og Trygg Trafikk har fronta saman i sine respektive nyheitsbrev.

FUB har vedteke å ikkje gjere tilsvarende endringar på designen som FUG har gjort. Nettsida oppfyller krava til universell utforming, jf. avsnittet om universell utforming under FUG-delen.

FUB på Facebook

Facebook-aktiviteten til FUB har som mål å bidra til openheit, dialog og debatt med barnehageforeldre og auke trafikken inn til nettsida. Ved årsskiftet hadde FUB rundt 320 «likarar».

På grunn av så pass liten trafikk både inn til nettsidene og på Facebook bestemte vi oss på slutten av 2012 for å setje i gang med å annonsere på Facebook-sida. Målet er å få 1500 «likarar» i 2013 og å drive meir trafikk inn til nettsida til FUB.

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA

Postboks 9360 Grønland, 0135 Oslo | Besøksadresse Schweigaards gate 15 B, 0191 Oslo
 Telefon: 22 05 90 70 | Faks: 22 05 90 71 | Org.nr.: 989 628 011 | post@fug.no | www.fug.no

Både nettsida og FB-sida er blitt marknadsførte på Foreldrekonferansen, i foredrag og gjennom utsendingar.